



**Nasjonalparkstyret  
for Reinheimen**

**Postadresse**  
Postboks 987  
2604 LILLEHAMMER

**Besøksadresse**  
Norsk Fjellsenter,  
Brubakken 2, 2686 Lom  
Norsk Tindesenter  
Havnegata 2, 6300 Åndalsnes

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 61 26 60 00  
Direkte: +47 61 26 62 05  
fminpost@statsforvalteren.no  
<http://www.nasjonalparkstyre.no/reinheimen>

Jarle Randen  
Permovegen 9  
2690 SKJÅK

Saksbehandler Mari Melbø Rødstøl

Vår ref. 2020/13972-3 432.3

Dykkar ref.

Dato 10.03.2021

## **Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel -snødekt mark - motorbåt- Leirungsvatnet - Jarle Randen**

### **Delegert vedtak motorbåt:**

Med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark, § 3, pkt. 6.3, bokstav f) får Jarle Randen dispensasjon til å bruke båtmotor på Leirungsvatnet i Reinheimen nasjonalpark.

#### Dispensasjon vert gjeve med følgjande vilkår:

- Gjeld bruk av motorbåt kun i forbindelse med garnfiske, ca 3-4 veker etter isgang.
- Dispensasjon gis for 5 år, f.o.m 2021 t.o.m. 2025.
- Motorstyrken skal ikkje vera over 10 hk.

Det skal visast særleg stor aktsemd for fuglelivet, spesielt våtmarksfugl, for å unngå at fuglar vert skada og forstyrra. Ca 3-4 veker etter isgang er fuglelivet særleg sårbart i samband med hekking.

Vi oppmodar til bruk av lydlaus el-motor.

Vi gjer merksam på at det må innhentast eventuelle nødvendige løyve til motorferdsel frå kommunen og grunneigar, jf. «Lov om motorferdsel i utmark» og lokal forskrift.

### **Klage:**

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Nasjonalparkstyret for Reinheimen.



### Delegert vedtak snøskuter:

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 b), får Jarle Randen dispensasjon til bruk av snøskuter til Leirungsvatnet i Reinheimen nasjonalpark, for å byte ut båt.

#### Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjon gjeld for ein tur innan 20. april 2021 for innkøyring av båt, og ein tur innan 20. april i 2022 for henting av gammal båt.
- Den gamle båten skal hentast i samband med anna køyreoppdrag leigekøyrar har til Leirungsvatnet.
- Det skal nyttast leigekøyrar godkjend av Skjåk kommune eller Lom kommune.
- Køyretasé frå Aursjoen til Leirungsvatnet. Retur i same køyrespor.
- Båten skal merkast med eigars namn.
- Dersom opplag av båten er til hinder for ferdsla langs vassdraget eller får negative konsekvensar for verneverdiane, kan nasjonalparkstyret krevje at båten vert fjerna.
- Dersom båten ikkje lenger er i bruk, skal den fjernast frå verneområdet.
- Statens naturoppsyn (SNO) v/Per Olav Haugen (tlf: 970 57 213), skal varslast på SMS dagen før køyring. Viss SNO opplyser om rein i traseen, skal turen utsettast. Om de ikkje har fått denne åtvaringa og det likevel er rein i planlagt køyrerute, må ein vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i ein avstand på minimum 500 m på le side.
- Søkjar skal sørge for at leigekøyrar har fått ein kopi av dispensasjonen.
- Utfylt køyrebok og dispensasjon skal vera med på turen (jf. motorferdselsforskriften § 7).
- Søkjar skal sende inn køyrerapport til nasjonalparkforvaltninga innan 05.06 kvart år på følgjande elektroniske skjema:  
[http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen\\_dok/Rapportskjema\\_motorferdsel\\_Reinheimen.pdf](http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen_dok/Rapportskjema_motorferdsel_Reinheimen.pdf)

Køyringa skal skje skånsamt av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv. Ta spesielt omsyn til villrein og rovfugl.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrifta. Det vert gjort merksam på at transporten også må avklarast med grunneigar og kommunen.

### Klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Nasjonalparkstyret for Reinheimen.



## Heimelsgrunnlag

### Delegering

I medhald av vedtekter for Reinheimen nasjonalparkstyre punkt 6.2, jf. naturmangfaldlova § 62 andre ledd tredje punktum, har nasjonalparkstyret for Reinheimen i styremøte 14.03.2016, sak 5/16, gjort vedtak om å delegere handsaming av einskilde saker til nasjonalparkforvaltaren, slik som i denne saka. Vedtaket gjev nasjonalparkforvaltarane i Reinheimen myndigheit til å treffe vedtak i saker av kurant karakter.

Med saker av kurant karakter meiner ein følgjande:

- Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskriftene om ferdsel og motorferdsel.
- Saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskriftene og etter naturmangfaldlova § 48 der:
  - a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.
  - b) Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret/AU i tilsvarende sak.
  - c) Forvaltingsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.

## Saksopplysningar

### Dokument i saka

Endeleg søknad frå Jarle Randen på E-post 04.03.2021.

Tidlegare søknad 21.12.2021

Tidlegare e-post korrelspananse 05.02.2021 og 10.02.2021.

### Søknaden

Jarle Randen søker om å få nytte båtmotor på Leirungsvatnet i ei femårsperiode. Han søker og om motorferdselløyve for å frakte ut ny båt til vatnet i 2021 og til å hente den gamle igjen vinteren 2022.

### Søknaden er vurdert i samsvar med:

Forskrift for Reinheimen NP, 24.11.2006

Forvaltningsplan for Reinheimen, 2010

Naturmangfaldlova, 19.06.2009

### Verneforskrift – formål

Formålet med Reinheimen nasjonalpark er: *å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde, eit høgfjellsøkosystem med eigenarta og variert biologisk mangfald. Området er eit sentralt leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord. Det er også eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient, særprega geologiske førekomstar, vassdragsnatur og ikkje minst kulturminne. Tilgang til naturopplevingar og friluftsliv skal skje gjennom tradisjonell ferdsel med liten grad av teknisk tilrettelegging.*

Etter verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark, § 3 pkt. 6.3 bokstav f) kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til bruk av båt med motor på Leirungsvatnet i samband med fiske.



Forvaltningsmyndet kan og etter §3, pkt 6.3 i Reinheimen NP gje løyve til:

b) *bruk av beltegåande køyretøy på snødekt mark langs etablerte trasear eller lufttransport for nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt.*

### **Forvaltningsplan.**

Forvaltningsplanen for Reinheimen NP utdjupar vernereglane.;

I Reinheimen nasjonalpark er motorisert ferdsel i utgangspunktet forbode og særleg konfliktfylt fordi nasjonalparken skal vere skjerma for unødvendig støy og uro. Transportar skal ha eit klårt nytteformål. Motorisert ferdsel som har preg av turkøyring skal ikkje skje. I forvaltningsplanen står det at forvaltninga kan gje løyve til nyttekøyring som utkøyring av båt ved bruk av leigekøyrar. *For å sikre fleksibilitet og å unngå unødig behandling av søknader, skal løyve gjevast for ein aktuell periode. Leigekøyrar skal varsle SNO på førehand i forhold til den aktuelle dagen når transporten skal skje for å hindre moglege ulemper for villreinen og for å halde oversikt over motorferdsel i verneområdet. Det skal førast køyrebok som skal sendast forvaltninga innan 5. juni kvart år. Køyring på snødekt mark skal normalt ikkje skje etter 20. april, ev. 3. påskedag om den er seinare.*

Angående motorferdsel med otorbåt heiter det i kap. 4.7.2 i forvaltningsplanen (Motorisert ferdsel med båt § 3, pkt 6.3, f, g), at det ved søknad om motorisert ferdsel med båt på Ulvådalsvatnet, Leirungsvatnet og Torsvatnet i samband med fiske, skal setjast vilkår om at motorstyrke ikkje er over 10 hk.

### **Naturmangfaldlova**

I medhald av naturmangfaldlova § 7, skal søknaden vurderast etter prinsipp for offentleg avgjerd, jf. nml §§ 8–12 (kunnskapsgrunnlag og miljørettslege prinsipp).

### **Vurdering**

Jarle Randen har ein gamal båt som skal fraktast ut frå Leirungsvatnet, men som er nedsnødd og ikkje klar til å hentast i vinter. Han søker difor om å få frakte ut ny båt i 2021 og hente den gamle båten i 2022. Både søknaden om motorferdsel til å frakte båt og nytte motorbåt til fiske på Leirungsvatnet, har forvaltningsstyresmakta heimel i forskrift til å gje løyve til.

Leirungsvatnet ligg i den sør-austre delen av nasjonalparken, og er eit av dei beste fiskevatna i området. Vatnet er over 2 km<sup>2</sup>, og ligg i det viktigaste våtmarksområde i Reinheimen nasjonalpark med stor regional verdi og av nasjonal interesse. Det er mellom anna registrert 7 artar av andefuglar på og ved Leirungsvatnet og Råkåvatnet (lenger søraust). Omsynet til desse artane er viktig for vernemyndigheita. Når det er opna for å gje løyve til bruk av motorbåt på Leirungsvatnet er det under føresetnad av et ein viser særleg stor aktsemd for fuglelivet, spesielt våtmarksfugl. Etter isgang er fuglelivet særleg sårbar i samband med hekking, ca 3-4 veker.

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1, 4 og 5 samt § 7, jf. § § 8-12



*Kunnskapsgrunnlaget* (nml § 8) er godt dokumentert i naturbase, artsbase og gjennom forvaltningsplan. Det er god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar gjennom overvaking av området. Bruken av området gjennom generasjonar har også vore med å gjeve føringar for kva transport som ein kan gje løyve til.

Det er ikkje dokumentert at båtmotor har ført til problem som kan føre til irreversibel skade for fuglelivet på Leirungsvatnet eller Torsvatnet, og bruken av båtmotor skjer i liten skala. Men det er under garnfiske viktig å følgje med om fuglar blir skada.

Ved utkøyring av og henting av båt på vinterstid kan ein risikere å møte villrein i desse områda. Villrein er særleg utsett for forstyrning av menneske og motorferdel og er spesielt sårbare om vinteren. Det er difor satt vilkår om at ein skal sende sms til SNO før køyring og såleis få melding om å unngå å køyre, om det skulle vise seg at det er reinsflokk i dette området.

*Føre-var-prinsippet* (nml §9 ) tek vi hensyn til ved å sette vilkår på løyvet. Påverknader på miljøet i området totalt sett er minimal, jf. *økosystemtilnærming og samla belastning*, nml. § 10. *Dekning av kostnader ved miljøskade* (nml. § 11) er ikkje relevant.

*Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar* (nml. § 12): Bakgrunnen for at det er opna for bruk av motor på Leirungsvatnet er at det er store gode garnfiskevatn, og at det kan vera vanskeleg å manøvrere båten i sterk vind som kan oppstå under fiske. Alternativet ved å ro vil og kunne avgrense fiske. Ved bruk av motorbåt skal det i samsvar med forvaltningsplanen, settast vilkår om at motorstyrken ikkje er over 10 hk. Vi anbefaler å gå over til å nytte el-motor som er heilt stillegåande. Bruk av snøskuter er ein føremålstenleg metode for å transportere båtane.

Ettersom fiske er ein årleg aktivitet kan dispensasjon gjelde for inntil 5 år, for å unngå unødig saksbehandling. Ut i frå ei total vurdering kan det gjevast fleirårig dispensasjon til bruk av motorbåt i samband med fisking.

Belastninga med motorferdselen i denne samanheng vil for verneområdet være forbigåande og akseptable. Vilkår vil avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane. Med helsing

Mari Melbø Rødstøl  
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Kopi til:

Statens Naturoppsyn v/Per Olav Haugen

Kristine Sørli

Statsforvalteren i Innlandet

Reinheimen-Breheimen villreinutval v/Knut

Granum

Lom kommune

Skjåk kommune

Statens naturoppsyn v/Thomas Rødstøl

Postboks 987 2604 LILLEHAMMER

Midtgard 2686 LOM

Moavegen 30 2690 SKJÅK